

Førebauande møte KKL fredag 28.februar 2020 frå 9-11.30

Til stade:

Rune Lid, Anne Erdal, Anne Merethe Haugane, Sissel Nesse, Line Barmen, Stein Inge Stigen, Jens Eikås og June Johannesen

Fråfall: Råmund Skjold

Vi følgjer i hovudsak FHI sine anbefalingar for stenging av diverse aktivitetar

Når mange sjuke, prioriter kva som skal være ope.

Gjennomgjekk pandemiplan. Er nå på nivå 4 begrenset smitte mellom mennesker. Det er ikkje tvil om at det kjem til å bli ein pandemi opplyser kommuneoverlegen.

Den største utfordringa vert ikkje om anslaget på 70% av befolkninga som vert sjuke over eit par månader men dersom 25% vert sjuke på ein gang.

Alle tenestestadar må oppdatere sin beredskapsplan.

Kva med dei som er på jobboppdrag i utlandet og som kjem heim nå. Kva med våre tilsette og elever som har vore på reise i vinterferie – skal dei halde seg heime? Informasjon ut.

Bør gå ut med informasjon om sjukepengar NAV i heimekarantene

Kva med mat ut til dei som eventuelt som blir sitjande i heimekarantene – rekning får vi sende i ettertid.

Politi og brannvesen er invitert med på møte etter oppfordring frå Ordførar

Det vart fordelt ei rekkje oppgåver i møte. Desse er lagt inn i skjema under.

Oppgåve	Fordelt til kven	Status
Kalle inn Raude kors og Sivilforsvar til neste møte	June	Raude kors kjem uklart om det kjem nokre frå Sivilforsvar, dei har ikkje gitt tilbakemelding
Få kobla opp linjene for informasjon m.m legevakt/pandeminumner	Sissel	Er laga nytt tlf nr og er laga til 5 telefonar som er henta bort til legevakta
Informere om kva nr sjuke og bekymra skal ringe	Sissel	Opplyst på heimesida til kommunen og per sms til alle innbyggjarane i kommunen
Finne lokale for at kommunen må ta prøver sjølv av virus.	Sissel	Røde Kors huset. Vært på befaring og vil fungere godt for prøvetaking
Korleis handtere mange døde		Dette vil vi ikkje klare å ha kapasitet til dersom prognoser slår til. Må då få hjelp av andre
Vaskerenner skuler – Der det er for få.	Ruth Paulson	Reinholdsleiar vil gi oss tilbakemelding når utført
Prioritere kva tenester/bygg m.m som	KKL	Avventande

skal haldast opne ved mange sjuke		
Få lage avtale om hjelp frå frivillige	KKL	Røde kors kjem på neste KKL møte
Nok handdesinfeksjon	Sissel/Ruth Paulson	Lage skjema på tilsettservice der alle tenestestadar kan melde inn kva dispensar dei har og status. Reinholdsløiar saman med eigedom vil få fylt opp eller montert opp nye dispensere der det er behov
Reinhold	Ruth Paulson	Tek inn fleire personar inn på opplæring nå slik at dei er i forkant dersom behov for vikarar.
Tenesteleveranse på helse	KKL+Line Barmen	Plan for å stenge for dei mest pleietrengande på avlastning og dermed flytte personell til der det er mest behov.
Plakat om håndhygiene på infoskjermar	Anne Merethe/kommunikasjon	Er gjennomført
Ekstra medisin/anna utstyr		Legevakt bestiller inn ekstra og det same skal sjukeheimane gjera. Kommunen har eit lager av verneutstyr, antibiotika og astmamedisin nok for ca 1mnd eller 2. Heimetenesta må bestille inn ekstra verneutstyr ved heimekarantene
Lagerrom for utstyr og kontroll på kven som kan hente ut dette	Sissel/Jens/Knut Eivind	Arkivrom 3 etg ryddast og klargjerast for å nyttast som låst lagerrom for utstyr og medisin, Knut E vil gjera rommet klart så snart som mogleg.
Lage rutine på beholdning av utstyret og kven som kan hente ut/har tilgang til rommet	Jens/Stein Inge	
Smittevernlegen og kommuneoverlegen må få kontor og pc	Sissel	Kontor er klart 2.mars. Pc var klare på fredag
Kven informerer media		<ol style="list-style-type: none"> 1. Smittevernlege/kommuneoverlege 2. Kommunalsjefar for sitt område Dersom ytterlegare utvikling i saka <ol style="list-style-type: none"> 3. Ordførar og kommunedirektør
Legge oppdatert informasjon på nettsida til kommunen	Anne Merethe/Monica	Jamnlige oppdateringar
Sjekke ut intensjonsavtale reinhold	Sissel	Kommunen har ikkje avtale med andre leverandørar av reinholdstenester.

Sende melding til alle einingsleiarar Har dei klar sin beredskapsplan, lest pandemiplan?	June	Det er sendt ut e-post til alle kommunalsjefområde med info om pandemiplan, at alle må skrive ut plakat om håndhygiene og hente opp på sin tenestestad. Dei må også gå gjennom sin beredskapsplan
Teste varsling 24	June	Er nå oppdatert med nytt KKL og testet
Oppdaterer medlemmer i beredskaps e-post adresse	June	Er oppdatert og testet
SMS varsling til alle innbyggjarar	June/Thomas	Er utført
Helse må sjå over sin plan som dei nyttar ved t.d streik og oppdatere denne ved behov	Line Barmen	Ho har sendt e-post til alle sine tilsette og bede dei om å sjå/oppdatere sine planar
Orienterer Ordførar	Sissel/June	Gjennomført fredag
Nytt møte måndag 2.mars		